

**Fra:** Rune Garmann <rune.garmann@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 8. november 2023 11:55  
**Til:** Beate Sandnes; Ingvill Molland Hafsås; Odd Harald Eide; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Postmottak Modalen  
**Kopi:** Dmytro Ostanin  
**Emne:** Planar om samling for ukrainarar 9. desember

Hei, alle.

Som de vil hugse, skipa Masfjorden sokneråd i samarbeid med Masfjorden kommune og den ortodokse kyrkjelyden Kristi åpenbarings menighet i Bergen ei julemarkering for ukrainarar på Fjon fjellkyrkje i januar. Erfaringane frå dette var svært positive, og vi har no teke initiativ til ei **ny samling for ukrainarar laurdag 9. desember**.

Denne gongen er møtestaden **Nordbygda samfunnshus, Risnes**. Vi ynskjer å innby ukrainarar i Masfjorden, Austrheim, Gulen og Modalen kommunar, saman med ukrainarar frå Bergen. Ein del tilhøyrer den ortodokse kyrkjelyden i Bergen, men dessutan er det eit stort ynskje om å inkludere så mange som mogleg av dei ukrainarane som no sit på mottak i Bergen.

Programmet for dagen vil sjå om lag slik ut:

- Alle møtest i Nordbygda samfunnshus om føremiddagen.
- Dei som ynskjer det, får høve til å delta på ei ortodoks gudsteneste i Frøyset kyrkje.
- Nokre av dei frå Bergen vil stå for førebuing av eit ukrainsk festmåltid medan gudstenesta pågår.
- Så samlar alle seg i samfunnshuset til eit felles måltid og eit enkelt kulturprogram.
- Samlinga vert avslutta med at ein del reiser via Sandnes (Masfjordnes) til Bergen, medan ein annan del tek turen attende via Sløvåg/Leirvåg.

**Eit førebels overslag over kostnadane tilseier ein stykkpris på i underkant av 400 kr.** Dette vil omfatte mat og transport innan Masfjorden. (Det betyr at de frå Fedje, Austrheim og Gulen kan koble dykk på transport frå Leirvåg og attende. Men det er ikkje sikkert at ekstrakostnadane med å køyre heilt fram vert store, og det gjev større fleksibilitet med tanke på heimreisa.)

Med dette vil eg be om at de vurderer om de har høve til å finansiere denne tilstelninga for ukrainarane som bur i dykkar kommune, og eventuelt kartlegg kor mange som vil vere interesserte i å vere med. Vi kan ikkje kome med ei offisiell innbyding før vi veit at vi har midlar til å gjennomføre arrangementet. Det siste vi vil, er å invitere til ei hyggeleg hending, for deretter å avlyse henne.

**Av omsyn til tida vil eg på det sterkaste oppmode om at de *innan fyrstkomande helg* gjev meg attendemelding om dette er gjennomførbart for dykk, og kor mange som eventuelt kan tenkje seg å verte med.** For meg er det viktig at dei ukrainarane som bur hos oss får ei kontaktflate inn mot ukrainarar som bur andre stader, og eg vil gjerne sikre at dei som har lyst til å vere med, får plass.

Dei to nærmaste dagane er eg litt oppteken og kan hende vanskeleg å nå på telefon (91524405). Difor er et fint om de gjev attendemelding eller stiller spørsmål via e-post. Eg skal gjere mitt best for å svare raskt.

Venleg helsing  
Rune Garmann

Leiar i  
Masfjorden sokneråd